



Notat

Dato: 27.10.2014
Arkivsak: 2014/22668-1
Saksbehandlar: svekir

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Økonomiske innsparingar ved streiken og oversyn over ulike tiltak

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 17.09.14 der Alexander Fosse Andersen stilte spørsmål om eventuell innsparing av fylkeskommunale midlar i samband med lærarstreiken ved 15 vidaregåande skular i HFK.

Fylkesrådmannen sitt overslag over økonomiske innsparingar i samband med lærarstreiken i haust er stipulert til om lag 14 millionar. Nøyaktig oversyn over innsparinga vil vere klar etter at oppgjeret med organisasjonane er gjort i november månad.

Streiken som varte frå 11. august til 1. september, råka 15 vidaregåande skular og fagskular i Hordaland. Totalt var det om lag 600 lærarar som vart tekne ut i streik i heile eller delar av perioden.

Fylkesdirektør opplæring hadde møte med rektorane ved skulane som vart råka av streiken, kvar veke. På siste møte vart tiltak for å redusere konsekvensane av streiken diskutert. Streiken har råka elevane svært ulikt, og behova for å setje i verk tiltak er difor også ulike. Skulane skisserte ulike løysningar; t.d. to-lærar-system i ein periode, bruk av leksehjelp, studietid med rettleiing frå lærar eller intensivkurs på aktuelle tema når det nærmar seg eksamen. Skulane har fått lovnad om at dei skal få midlar til å setje i verk naudsynte tiltak i løpet av skuleåret. Alle tiltak må vere godkjende av fylkesdirektør opplæring for dei vert sett i verk.

